



Trivsel og trygghet for alle!





Ein skule der du blir sett

Arna vidaregåande skule ligg vakkert til på Garnes – med skogen som næraste nabo og Bergens sentrum berre ein kort togtur unna. Her møter du eit trygt og oversiktleg skulemiljø der trivsel, meistring og framtid står i sentrum.

Hos oss skal du kjenna deg velkomen, uansett kva bakgrunn eller ambisjonar du har. Me legg vekt på eit inkluderande læringsmiljø der alle blir sett, og der lærarar og elevar samarbeider tett for å få fram det beste i kvar enkelt.

Skulen tilbyr både yrkesfaglege og studieførebuande løp, og du får god rettleiing

når du skal velje retning. Me har dyktige faglærarar, moderne undervisningsrom og tett kontakt med næringslivet i regionen. Alt ligg til rette for at du skal få ei utdanning du kan vera stolt av – og som tek deg vidare i livet.

Vel du Arna vgs, vel du ein skule som ser deg – og som hjelper deg å sjå moglegheitene dine.



Plass til å vera deg sjølv

Eit godt skulemiljø handlar om meir enn undervisning. På Arna vidaregåande skule byggjer me fellesskap – både i klasserommet, i gangane og i friminutta. Her skal du oppleva at det er rom for deg, akkurat slik du er.

Me har eit aktivt elevråd, engasjerte lærarar og miljøarbeidarar som alltid har tid til ein prat. I kantina, i biblioteket og i dei sosiale sonene er det lett å finna både ro og fellesskap. Me legg til rette for at du skal trivast – og kjenna deg trygg, kvar dag.

Du får vere med på sosiale aktivitetar,

fagdager, og temauker som styrkjer samhaldet på tvers av klassar og program. Me veit at eit trygt miljø gir betre læring, og jobbar kvar dag for at du skal kjenna deg heime her hos oss.

På Arna vgs får du ein kvardag der du både kan utvikla deg fagleg – og som menneske.

**Takk til alle våre
samarbeidspartnere**



**ABORA
PROSJEKT AS**

ingeniør & byggmesterfirma

www.abora.no



Utfører byggoppdrag innenfor nybygg,
rehabilitering og restaurering.



Bygg- og anleggsteknikk

Bygg framtida di – stein for stein

Er du glad i å jobba praktisk, løysa utfordringar og sjå konkrete resultat? Då kan Bygg- og anleggsteknikk vere vegen vidare for deg. Her lærer du gjennom å gjere – både i verkstad og ute på byggeplass – og du får god innføring i materialbruk, verktøy, tryggleik og samarbeid.

Du får prøva deg i ekte prosjekt og utviklar ferdigheiter som er etterspurde i mange bransjar. Me legg vekt på godt miljø, tett oppfølging og ein kvardag der du får brukt kroppen, hovudet og kreativiteten din.

Dette passar for deg som:

- Likar praktisk arbeid og fysisk aktivitet
- Ønskjer å jobba med konkrete prosjekt
- Har interesse for bygg, konstruksjon og design
- Vil sjå resultat av det du gjer
- Er nysgjerrig på korleis ting blir bygd opp

Du kan bli:

- Tømrar
- Malar
- Murar
- Betongarbeidar
- Stillasmonør
- Anleggsgartner
- Veg- og anleggsarbeidar
- Anleggsmaskinførarfaget
- Ventilasjon- og blikkenslager



Ta kontakt med Byggopp Vestland for utplassering eller læreplass

Byggopp sin jobb er å kvalitetssikre din læretid og veilede deg gjennom hele perioden

www.byggopp.no/vestland





Dette passer for deg som:

- Har lyst til å jobba med menneske
- Er omsorgsfull, tålmodig og til å stole på
- Ønskjer å bidra til livsglede og tryggleik
- Er nysgjerrig på helse og utvikling
- Vil kombinera teori og praksis

Du kan bli:

- Helsefagarbeidar
- Barne- og ungdomsarbeidar
- Apotekteknikar
- Ambulansearbeidar
- Tannhelsesekretær
- Sjukepleiar (via vidare studium)
- Barnehagelærer (via vidare studium)

Helse- og oppvekstfag

Gjer ein forskjell – kvar dag

Er du glad i å jobba med menneske? Har du omsorg for andre og ønskjer å bidra til tryggleik og livskvalitet? Då kan Helse- og oppvekstfag vere det rette valet for deg.

På Arna vidaregåande skule får du grunnleggande opplæring i både helse, omsorg og pedagogikk. Gjennom praksis og teori lærer du om kommunikasjon, etikk, hygiene og førstehjelp – og korleis du møter menneske i ulike livssituasjonar.

Utdanninga gir deg eit godt grunnlag for vidare val innan helse- og omsorgsyрке, og du får erfaring frå kvardagen på skular, barnehagar og institusjonar. Her får du både fagleg tyngde og menneskeleg innsikt.



NYBYGG - TILBYGG - REHAB

901 91 488 / 911 21 708

hogne@h-hemre.no

hemrebyggefirma.no

BYGGMESTERFIRMA I BERGEN

H-Hemre Byggefirma AS har over 30 års erfaring i byggebransjen. Vi holder til på Garnes og tar oppdrag i Bergen og omegn. Går du med byggeplaner? **Vi hjelper deg gjerne.** Ta kontakt for oppdrag !



Informasjonsteknologi og medieproduksjon

Jobb med data, system og løysingar

Er du nysgjerrig på teknologi og korleis dataverda fungerer? Her lærer du om nettverk, maskinvare, programmering og drift av IT-system. Du får jobba praktisk med å setje opp datasystem og utvikla tekniske løysingar – og du lærer å tenkja strukturert og analytisk.

Dette passar for deg som:

- Likar data og teknologi
- Er systematisk og løysingsorientert
- Har interesse for koding og IT-drift
- Er interessert i visuelle uttrykksformer og design

Du kan bli:

- IT-driftsteknikar
- IT-utviklar
- IT-teknikar
- Systemadministrator
- Programutviklar
- Nettverksteknikar
- Mediedesignar, medieteknikar eller medieprodusent



Medium og kommunikasjon

Fortel historier som engasjerer

Er du kreativ og glad i å formidla? Medium og kommunikasjon gir deg verktøya til å jobba med foto, video, grafisk design og digital historieforteljing. Du lærer å skapa innhald som når fram – visuelt, teknisk og med ein bodskap som betyr noko.

Dette passar for deg som:

- Har sans for foto, film og design
- Likar å formidla og påverka
- Vil jobba med kreative uttrykk

Du kan bli:

- Medieprodusent
- Fotograf
- Grafisk designar
- Videoredigerar





Vi er en solid lærlingsbedrift som søker dyktige rørleggere og fagarbeidere med erfaring og engasjement for faget.





 55 39 38 50  firmapost@arnaror.no  Hardangervegen 871,5267 Espeland

www.arnaror.no 

Studiespesialisering

Dine val – di framtid

Vil du halde alle dører opne for vidare studium? Då kan studiespesialisering vere det rette for deg. Her får du ei solid og brei utdanning med fokus på fagleg fordjuping, kritisk tenking og sjølvstendig arbeid.

Du kan velje mellom programområde innan realfag og språk, samfunnsfag og økonomi – alt etter kva interesser og planar du har for framtida. Me tilbyr dyktige lærarar, godt læringsmiljø og tilrettelegging for deg som vil prestera og utvikla deg vidare.

Hos oss får du også støtte til val av høgare utdanning og hjelp til å oppdage moglegheiter du kanskje ikkje visste fanst. Me legg til rette for fagleg fordjuping, internasjonal forståing og personleg vekst.



Dette passar for deg som:

- Er nysgjerrig, målretta og lærevillig
- Likar teoretiske fag og fagleg fordjuping
- Har planar om høgare utdanning
- Ønskjer mange moglegheiter vidare

Du kan bli:

- Jurist
- Ingeniør
- Lærer
- Lege
- Psykolog
- Økonom
- Arkitekt (via vidare studium)

**SAMNANGER KOMMUNE**
- der du vil leva og bu -

Vil du bli ein del av eit kompetent fagmiljø og jobbe i eit postivt og kreativt team?

Samnanger kommune
I hjarta av gamle Hordaland, midt mellom Bergen og Hardanger, ligg Samnanger kommune som ein naturleg skjønnheit. Med relativt kort veg til både by- og naturopplevsar, er Samnanger perfekt for deg som ønskjer både i pose og sekk.

Kraftkommunen har 2 500 innbyggjarar og eit stort potensiale. Me treng deg som ser dette potensialet og vil vera med på den spanande reisa vidare.



Nyheit!

E-sport på timeplanen!

*Er du glad i konkurranse,
samarbeid og taktisk tenking?*

For tiande året på rad kan du
søkja E-sport som valfag ved Arna
vidaregåande skule!

Her får du utvikla deg både som spelar
og som menneske – med fokus på fysisk
og psykisk helse, lagspel og prestasjon.

→ Les meir på [arna.vgs.no/
andre-sider/toppidrett](http://arna.vgs.no/andre-sider/toppidrett)



Arna vgs.
Vestland fylkeskommune

Kontakt oss

Arna vidaregåande skule
Vestlivegen 43, 5260 Indre Arna
55 25 47 00
arna.vgs@vlfk.no

www.arna.vgs.no
[@arnavgskule](https://www.instagram.com/arnavgskule)

